

Vedlegg 3 – Om gjennomføringa av arbeidet med Utviklingsplan 2035

1.1 Kort historikk for utviklings- og planarbeid i helseføretaket

Helse Bergen HF har tidlegare utarbeidd fireårige strategiplanar og ei rekke ulike delstrategiar/planverk. I tillegg har føretaket hatt ein detaljert arealplan som har vore revidert i samband med strategiplanen. Nasjonal helse- og utviklingsplan legg til grunn at alle føretak skal utarbeide utviklingsplanar med ein horisont fram mot 2035, og Helse Vest RHF vidareførte dette som bestilling i styringsdokumentet for 2017.

Helse Bergen HF utarbeidde ein strategi for 2017 – 2022, vedtatt av styret i føretaket i juni 2017. Arbeidet som blei gjort i samband med utforminga av strategien inngår som del av grunnlaget for utviklingsplanen.

1.2 Om gjennomføringa av arbeidet med Utviklingsplan 2035

1.2.1 Mandat og organisering

Mandatet for Prosjekt utviklingsplan 2035, seier blant anna at planen skal vise kva for prioriteringar sjukehuset skal gjere neste langtidsperiode og vere eit konkret grunnlag for den jamlege revideringa av drifts- og investeringsbudsjettet. Utviklingsplanen og sjukehuset sin strategi skal innehalde dei strategiske føringane for utviklinga på lang og kort sikt. Andre planar bør springe ut frå utviklingsplan og strategi, og vere konkretiseringar av desse.

Arbeidet har vore organisert som eit prosjekt, og har hatt *Veileder for arbeidet med utviklingsplaner* som utgangspunkt. Arbeidet har vore forankra i toppleiinga av føretaket med administrerande direktør som prosjekteigar, viseadministrerande direktør som ansvarleg for gjennomføringa av arbeidet og føretaksleiinga som styringsgruppe. Prosjektgruppa har hatt representantar frå sjukehusets leiargruppe, stabseiningane, dei føretakstillitsvalde, føretakshovudverneombod og Brukerutvalet:

Namn	Rolle/eining
Dag Einar Liland	Brukarrepresentant, Brukerutvalet
Svein Nord Kristiansen	Brukarrepresentant, Brukerutvalet
Ingunn Toft	Varaføretakshovedverneombod
Vigdis Fjeld	Føretakstillitsvalt, NITO
Alf Henrik Andreassen	Avdelingsdirektør, Revmatologisk avdeling
Mona Høgli	Rådgjevar Føretakssekretariatet
Helge Vidar Bergmann	Prosjektleder, Prosjektkontoret
Åsa Helena Hansson	Rådgjevar, seksjon for e-helse, FOU
Siw Ottesen Iversen	Controller, seksjon for økonomistyring, Øk- og finansavd.

Jorunn E. Esposito	Controller, seksjon for økonomistyring, Øk- og finansavd.
Vetle N. Syverud	Rådgjevar, seksjon for forskning og innovasjon, FOU
Anne-Mette Koch	Seksjonsleiar, seksjon fag og utdanning, FOU
Kristin Blehr Patterson	Rådgjevar, seksjon arbeidsmiljø og personalrådgiving, PO
Pål Ove Vadset	Seksjonsleiar, seksjon for helsetjenesteutvikling, FOU
Lena Kleveland	Rådgjevar, Kommunikasjonsavdelingen
Ingvild Sunde (prosjektleiar)	Rådgjevar, Strategi organisasjon og leiing, PO

Fem undergrupper/delprosjekt, samansett og leia av representantar frå klinikken og med representasjon frå tillitsvalte og vernetenesta, har arbeid med tema sengekapasitet, operasjonskapasitet, bildediagnostikk, den ortopediske funksjonen og ambulansenesta. Dei fire første laga rapportar som underlag til utviklingsplanen, mens gruppa for ambulansenesta utarbeidde prehospita plan som inngår som ein sjølvstendig del/vedlegg til utviklingsplanen.

1.2.2 Interessentar og medverknad

Viktige interessentar og bidragsytarar i arbeidet har vore brukarutval, ungdomsråd, styret, tilsette, tillitsvalde, verneombod, leiarar, kommunar, utdanningsinstitusjonar, ulike fagmiljø. Desse har vore involvert gjennom møte for innspel og dialog.

Arbeidet har vore dokumentert og synleg på intranettet og helse-bergen.no slik at relevante dokument og framdrifta i prosessen har vore tilgjengeleg for interesserte.

Gjennom arbeidsmøter har vi involvert våre samhandlingspartnarar i utdanningsinstitusjonane, kommunane og i dei private ideelle organisasjonane i psykiske helsevern og tverrfagleg spesialisert rusbehandling (TSB). Det har vore god deltaking på desse møta, og det har kome gode innspel. Prosjektleiar har òg vore i møter med dei fire samarbeidsutvala, som har representantar for kommunane. Det har vore møte med ulike fagmiljø, for eksempel sjukepleiefagleg råd og forskingsmiljøa og teknologimiljøa, lokalt og regionalt. Utviklingsplanen har jamleg vore tema på møta i styret i Helse Bergen HF.

Gruppene som har arbeidd med sengekapasitet, operasjonskapasitet, bildediagnostikk, ortopedisk funksjon og ambulanseneste, har hatt separate møter med relevante interessentar, blant anna kommunane når det gjeld prehospitale tenester. Prehospita plan er sendt ut på eigen høyring til kommunane. Utviklingsplanen har også vore på høyring til kommunane.

Deler av prosjektgruppa har deltatt i møte med representantar frå dei andre helseføretaka i regionen i regi av Helse Vest RHF.

1.2.3 Om høyringa

Den 23. mai sendte vi utkast til Utviklingsplan 2035 på høyringa til våre eksterne samarbeidspartar: Dei 24 kommunane, dei andre føretaka i Helse Vest, Sjukehusapoteka Vest, Helse Vest IKT,

Sykehusinnkjøp HF Divisjon Vest, dei private ideelle i rusbehandling og psykisk helsevern¹, Høgskulen på Vestlandet, VID vitskapeleg høgskule, ulike fakultet på UiB, Bergen Teknologioverføring, Brukerutvalet og Ungdomsrådet.

Vi har fått høyringsvar frå følgjande:

Høyringsvar til Utviklingsplan 2035
1. Universitetet i Bergen, Medisinsk fakultet
2. Universitetet i Bergen, Senter for ernæring
3. Sjukehusapoteka Vest
4. Sykehusinnkjøp HF Divisjon Vest
5. Helse Førde HF
6. Helse Fonna HF
7. Haraldsplass diakonale sjukehus
8. Bergen kommune
9. Askøy kommune
10. Regionråd Nordhordland – samanslutning av dei 9 kommunane i regionen
11. Lindås kommune
12. Voss kommune
13. Vaksdal kommune
14. Kvam kommune

¹ Dei har tidligare gitt innspel til eit notat fra Divisjon psykisk helsevern som er innarbeida i Utviklingsplan 2035.